



Ann Kristin Mangerøy
Solendvegen 53
5936 Manger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/4499 - 23/58609

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2023

Endring av jordlovsvedtak av 14.06.2023 gjeldande for gnr. 460/13 Halland i Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 769/23

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd gjer Alver kommune om vedtaket om å dele gnr. 460, bnr. 13. Dette etter at vedtaket har vore klaga på.

Nytt vedtak vert slik:

I medhald av jordlova § 12 vert gnr. 460, bnr. 13 delt slik at heile vatnet vert overført til nabobruk saman med fast grunn på nordaustsida av vatnet. Del av gnr. 460, bnr. 1 som vart godkjent frådelt 14.06.2023 står framleis ved lag.

Vedtaket er gjeve på fylgjande vilkår:

Grensa langs sørvestsida av vatnet må fastsetjast under kartforretninga, men på ein slik måte at beitedyr frå vest (gnr. 460, bnr.1) ikkje vert hindra tilkomst for å drikke av vatnet.

Det er ein føresetnad at arealet vert overført til gnr. 460, bnr. 6.

Saka gjeld

Jan Tore Hvidsten og Ann Kristin Mangerøy søkte om å få dele i frå delar av gnr. 460, bnr. 1 og 13. Alver kommune, landbruk gjorde 14.06.23 vedtak etter jordlova § 12 i saka der parten som var søkt delt i frå bnr. 1 vart komen i møte. I tillegg ynskjer søkjarane å overdra bnr. 13 til nabobruket som òg skal kjøpe den frådelte parsellen frå bnr. 1. Bnr. 13 inneheld eit vatn og noko land på kvar side av dette. Alver kommune, landbruk vurderer dette arealet til å høyre til bnr. 1 – altså som ei driftseining.

Kommunen ga òg løyve til at delen aust for vatnet som gjeld bnr. 13, avgrensa ned til den austlege strandlina, òg kunne fylgje med i delinga.

Dette har vorte påklaga og søkjar har kome med eit framlegg til løysing der ny eigedomsgrænse går midt i vatnet i staden for å fylgje den austlege strandlina. Samstundes er det gjeve

munntleg melding om at skjar framleis ynskjer å selje heile bnr. 13 eller i alle fall heile vatnet og austover. Det er dette det nye vedtaket gjeld.

VURDERING:

Klagen er komen kommunen i hende innan fristen.

I klagen av 26.06.23 foreslår Hvidsten at grensa mellom gnr. 460, bnr. 1 og gnr. 460, bnr. 6 (eigedomens som skal overta parsellen) vert sett midt i elva/vatnet uavhengig av vasstand. Resterande del av bnr. 13 vert ført attende til bnr. 1. Samstundes underbyggjer setninga i klagen «Dersom det ikkje kan godtakast at 460/13 kan følgja med overdragelsen kjem vi med følgjande framlegg til endring:» at klagar ynskjer at heile bnr. 13, eller i det minste heile vatnet tilhyrande bnr. 13, vert overført til bnr. 6.



Fig. 1. Gnr. 460, bnr. 13 ligg i dag klemt inne mellom gnr. 460, bnr. 1. Del av gnr. 460, bnr. 1 som er godkjent frådelt, skal førast over til gnr. 460, bnr. 6. Del av gnr. 460, bnr. 13 skal òg førast over til gnr. 460, bnr. 6, men ikkje fast land mot sørvest. Dette må framleis høyre til gnr. 460, bnr. 1 for å sikre beitedyr tilkomst til vatnet.

I vår tidlegare vurdering av saka, la vi vekt på at søknaden gjaldt tilgong til beite for bnr. 6. Kommunen meinte då at det var tilstrekkeleg at bnr. 6 eig ned til vatnet og gav lyve til slik frådelling. Vi har no oppfatta det slik at det er viktig for Hvidsten at vatnet fylgjer med over til bnr. 6. I høve intensjonane i jordlova, kan ikkje kommunen sjå at det har så stor innverknad landbruksinteressene om vatnet føl med i parsellen som skal førast over til bnr. 3. Det som er viktig er at eventuelt framtidig drift med dyr på bnr. 1, er sikra tilkomst ned til vatnet frå vestsida. Vi ha difor ikkje noko i mot at grensedraginga vert i strandlina på vestsida av vatnet.

Konklusjon:

Alver kommune, landbruk godkjenner at bnr. 13 vert delt slik ny grense går i strandlina på vestsida av vatnet. Det vil sei at heile vatnet fylgjer med det arealet som bnr. 6 skal overta.

Regelverk

Forvaltningslova
Jordlova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/4499»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver Kommune	Postboks 4	5906	Frekhaug
---------------	------------	------	----------

Mottakarar:

Ann Kristin Mangerøy	Solendvegen 53	5936	Manger
Jan Tore Hvidsten	Solendvegen 53	5936	MANGER